

Kåre Gjengedal

From: Tonje Mek Eidset <tonje.eidset@asplanviak.no>
Sent: 18. juni 2021 11:53
To: Kåre Gjengedal
Cc: Leif Egil Friestad
Subject: Spørsmål om skredfare veg

Ang. spørsmål om veg. Vi har ikkje vurdert strekninga forbi uttaksområdet med omsyn til behov for stenging for ferdsel eller ikkje, då vi meiner at vegen mellom Andaneset og Løvika må vurderast i si heilheit. Vi har følgande kommentarar:

Sikkerheitskrav for skredsannsyn på veg

Kapittel 208 i SVV si handbok N200 Vegbygging, angir akseptkriterier for skredsannsyn på veg. Desse akseptverdiene er vist som utsnitt i Figur 1.

Tabell 208.1 Sikkerheitskrav for skredsannsynlighet på veg.

| Dimensjonerende trafikkmengde \ Skred-sannsynlighet | < 200 | 200 – 499 | 500 – 1499 | 1500 – 3999 | 4000 – 7999 | > 8000 |
|--|-------|-----------|------------|-------------|-------------|--------|
| Akseptabel skredsannsynlighet pr. km og år (bør-krav) | 1/10 | 1/20 | 1/50 | 1/50 | 1/100 | 1/1000 |
| Tolererbar skredsannsynlighet pr. km og år (skal-krav) | 1/2 | 1/5 | 1/10 | 1/20 | 1/50 | 1/100 |

Figur 1: Utsnitt fra kap. 208 i SVV si handbok N200.

Skredsannsynet gjeld i utgangspunktet skred frå naturleg terreng og ikkje skredfare pga. inngrepa knytt til etablering av steinbrot og/eller bergskjeringar/lausmasseskråningar. Verdiane gir likevel eit inntrykk av korleis ÅDT-verdien påverkar akseptkriteriet for nedfallshendingar.

Merk også at det ikkje finnast eigne verdiar for gang- og sykkelveg, men at det ofte veljast same krav som for tilhøyrande vegstrekning. Unntak er områder der det vert tilrettelagt for lengre opphald, eksempelvis oppstillingsplassar eller busshaldeplassar, der TEK17 er gjeldande.

Sikkerheitskrav Andaneset - Løvik

Det er ikkje lagt til rette for opphald langs den aktuelle vegen. Dagens ÅDT på strekkingen går ikkje fram av SSV sin nettressurs vegkart.no, då det her er snakk om ein veg som er stengd for køyrande. ÅDT i tunnelen ut til rundkjøringa på Greivneset er oppgitt til å vere 20 køyretøy per døgn. Syklistar nyttar vegen, men dimensjonerande trafikkmengde er klart under 200 køyretøy per døgn.

Som det går fram av tabellen attgjeven i Figur 1, er dermed akseptabelt skredsannsyn per km for den dimensjonerande trafikkmengda, 1 skred per 10 år, medan tolererbart skredsannsyn er 1/2 for strekninga. I praksis betyr dette at det er akseptert med eitt nedfall kvart tiande år og tolerert eitt nedfall kvart andre år. Sjå NA-rundskriv 2014/08 [2] for ytterlegare skildringar av omgrepa.

Skredsannsyn Andaneset – Løvik

Basert på vår kjennskap til skredproblematikk på strekninga Andaneset - Løvika, vurderer vi at akseptabelt skredsannsyn ikkje er tilfredsstillt på strekninga i si heilheit. Vi har ikkje utført ei detaljert skredfarevurdering for områda som ligg utanfor reguleringsområdet. Basert på skyggerelieff og fordeling av skredhendingar langs vegen i vegkartet, er inntrykket at det mest truleg er områder på strekninga som har større sannsyn for at skred når vegen enn forbi reguleringsområdet.

Med vennleg helsing



Tonje Mek Eidset

Ingeniørgeolog

Samferdsel

T: 483 05 305

E: tonje.eidset@asplanviak.no

Asplan Viak AS

Vikegata 25

6150 Ørsta

Sentralbord: [417 99 417](tel:41799417)

www.asplanviak.no